



Arkivnr: 2016/2314-6

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 441 mill. kr

Samandrag

Eit sertifikatlån på 441 mill. kr skal fornyast den 10. mars. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 9-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av SEB Merchant Banking.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 441 mill. kr vert refinanseirt med eit 9-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av SEB Merchant Banking. Renta er 1,17 % fram til 12.12.2016.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.03.2016

Eit sertifikatlån på 441 mill. kr har forfall 10. mars. Renta har vore 1,324 % siste 12 månader.

I 2016 er det budsjettert med 442 mill. kr i avdrag. Det passar dermed å innløyse dette lånet i løpet av året. Men ein vil i første omgang fornye lånet for ein periode på 9 månader. Så kan ein betale årets avdrag i desember. Inntil vidare får fylkeskommunen høgare innskotsrente enn ein betaler på sertifikatlån.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det kom inn følgjande tilbod:

	nominell rente
SEB Merchant Banking	1,170 %
Kommunalbanken	1,186 %
DNB Markets	1,228 %
Nordea Markets	1,255 %
Danske Bank Markets	1,320 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå SEB Merchant Banking.